

Trafikktryggleiken oppover Uskedalen.

18.08.2020



Opphevingsskilt ved Myklebustsvingen.

Fartsgrenser, skilting og trafikktryggleik engasjerer. Møyfrid Kristoffersen bed oss vera merksame på skilting og trafikktryggleiken oppover Uskedalen. Traseen er smal og vegen går gjennom tun med hus på begge sider. Les kva Møyfrid skriv:



Gadstun med tus på begge sider av vegen er skilta.

Hei Uskedalssida

Ser at de har skrive om fartsgrensa og opphevningsskilt nede i dalen.

Ja, 50 er oppheva på Feet og Myklebust, og då er det opp til oss bilistar å tilpasse farta etter forholda dei siste 7 - 8 kilometrane opp dalen.

Der er mange tun oppover dalen, og på Øvre Musland er der eitt som Vegvesenet har merka med 'Gårdstun'. Det vil seie at våningshuset og driftsbygninga ligg på kvar si side av vegen. Og det er eit FARESKILT dei har sett opp her !

I dette gardstunet leikar det mange barn - KVAR dag. Barn som bur der, søskenbarn, nabobarn, og andre venner av barna som ofte er på besøk.

KØYR FORSIKTIG !!!

Vennleg helsing
Møyfrid Kristoffersen

Tekst: Kristian Bringedal/ Møyfrid Kristoffersen
Foto: Møyfrid Kristoffersen
Nett: Kristian Bringedal



Born leikar - her bur ein tett i vegen og born kan kjapt koma ut i vegbanen.